

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/23	Formannskapet	PS	23.03.2023
027/23	Kommunestyret	PS	13.04.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FE-233, TI-&76	23/331

BTI - modellen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

Formannskapet - 033/23 - 23.03.2023

FS - behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine Merete Jansen, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva kostnader det er utover den eine millionen som er gitt i støtte. Jansen svara at det ligg nokre andre ressursar som kan brukast, elles er det eigeninnsats frå dei ulike tenestene. Tek sikte på å tilsetta ein prosjektleiar over to år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kva som skal skje etter at den toårige prosjektperioden er ferdig. Her svara Jansen at andre program, som De utrolige årene (DUÅ) blir implementert i dei andre tenestene ein har. Prosjektperioden på to år med ei eiga stilling skal sikra at denne ordninga vert implementert skikkeleg.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er samkjøring mellom tenestene som allereie er på plass, og spurte i samband med dette om korleis samarbeidet er inn mot dei interkommunale tenestene. Jansen svara at dersom dette arbeidet skal lukkast, så må samarbeidet med til dømes barnevernet fungera.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dette skal innførast på ein måte som sikrar at det fungerer ut over perioden på to år. Om det er naudsynt, må ein eventuelt jobba det inn i økonomiplanen når denne perioden er over.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

Kommunestyret - 027/23 - 13.04.2023**KS - behandling:**

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga. Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framleggget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek å implementere BTI-modellen i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:**Bakgrunn:**

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein heilskapleg modell for å identifisera og følgje opp utsette barn og unge.

Austrheim kommune har søkt og fått innvilga **1 000 000,- kroner** i tilskot gjennom tilskotsordninga «Tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn 2022»


Austrheim kommune skal utvikle ein kommunal modell for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge i kommunen.

Kompetansesenter KORUS Bergen har i oppdrag av Helsedirektoratet å følgja opp kommunar som får midlar etter denne ordninga. Saman med RKBU og RVTS tilbyr dei kartlegging, rettleiing, og kompetansehevingar. Vi har gjennomført fleire møter med partane, og dei tilrår at vi støttar oss til det gode arbeidet som er gjennomført på dette området før, og at vi innfører BTI-modellen i Austrheim kommune. Dette sikrar at vi oppfyller alle dei krava som er sett til kommunen for å få tilskot.

Det er eit etablert samarbeid i Fensfjorden knytt til dette arbeidet og søknaden om tilskot var i utgangspunktet send som ein felles søknad. Dei andre kommunane i Fensfjorden har signalisert at dei også vil slutte seg til BTI-modellen og ønskjer at samarbeidet knytt til dette skal halde fram.

Kriterier for måloppnåelse (frå tilskotsbrev):

- Arbeidet med modellutvikling må være forankret i kommunens administrative og politiske ledelse.
- Kommunen må innen 6 måneder fra vedtaksdato ha gjennomført en kartlegging av kommunens samhandling, kompetanse og tilbud knyttet til tidlig identifikasjon og oppfølging av utsatte barn.
- På bakgrunn av kartleggingen skal kommunen nedtegne og formalisere en helhetlig, tverrsektoriel modell for å styrke tidlig innsats og oppfølging av utsatte barn.
- Modellen må utformes på individ-, etats- og kommunalt nivå Modellen må synliggjøre hvordan planer, verktøy, rutiner og samhandlingsarenaer i kommunen bidrar til identifikasjon og oppfølging av utsatte barn, på alle tre nivåer.
- Modellen skal inneholde en handlingsveileder som beskriver veien fra bekymring til handling, eksempelvis som i BTI-modellen. Veilederen må beskrive ansvarsfordeling og samhandling på tvers av tjenester.
- Modellen må beskrive hvordan kommunen jobber med å dokumentere og evaluere arbeidet med identifikasjon, oppfølging og samhandling på ulike nivå. Systematisk brukermedvirkning skal integreres i modellen.
- Kommunens ferdige modell må gjøres tilgjengelig i elektronisk versjon på kommunens hjemmesider Med utgangspunkt i kartleggingen skal kommunen dokumentere resultater og forbedringer i arbeidet med systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn.



Døme frå andre kommunar som er BTI-kommunar:

Luster kommune:

<https://www.luster.kommune.no/er-du-uroleg-for-eit-barn.471125.nn.html>

Suldal kommune:

<https://suldal.betreinnsats.no/>

Brønnøy kommune:

<https://www.bronnøy.kommune.no/tjenester/barnehage-skole-og-familie/nar-du-er-bekymret-for-et-barn/>

Etne kommune:

<https://etne.betreinnsats.no/>

Ibestad kommune:

<https://ibestad.samhandlingsmodell.no/>

Lillehammer kommune:

<https://www.lillehammer.kommune.no/helse-lillehammer.455894.no.html>

Giske kommune (ikke helt ferdigstilt):

<https://www.giske.kommune.no/tenester/organisasjon/samhandling-barn-og-unge/>

Øvre Eiker (ikke helt ferdigstilt):

<https://ettlagbts.no/>